

Saksframlegg

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|--------|----------|------|------------|
| 027/17 | Bystyret | PS | 03.04.2017 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|--------------------|------------|
| Ola Teigen | K1 - 026, K1 - 002 | 16/1456 |

Justering av intensjonsavtale om samanslåing mellom Flora og Vågsøy kommunar

Framlegg til vedtak:

1. Flora bystyre godkjenner endringane i kapittel 3 i intensjonsavtalen mellom Flora og Vågsøy, slik at den er i samsvar med Vågsøy kommunestyre sitt vedtak.
2. Flora kommune vel ei styringsgruppe som skal fungere fram til fellesnemnda er vald. Styringsgruppa vert den same som forhandlingsutvalet.

Framlegg frå ordførar:

Flora bystyre stadfestar vedtak i sak 017/17, den 21.03.17 med følgjande tillegg:

1. Flora bystyre godkjenner endringane i kapittel 3 i intensjonsavtalen mellom Flora og Vågsøy, slik at den er i samsvar med Vågsøy kommunestyre sitt vedtak.
2. Flora kommune vel ei styringsgruppe som skal fungere fram til fellesnemnaren er vald. Styringsgruppa vert den same som forhandlingsutvalet.

Framlegg frå repr.Martin Malkenes,MDG:

I Måløy og Florø skal det etablerast kompetansmiljø til eller utvikling av mellom anna samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og næringslivet innan fagfelt og samfunnsoppgaver der det fell seg naturleg i dei to byane.

Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Bystyret - 027/17

BYST - handsaming:

Repr.Bente Nilsen,SV varslar lovlegheitskontroll av vedtaket.

Repr.Jan Arve Midtbø,V ber om gruppemøte.

Etter gruppemøtet vart føreteke punktvis røysting:

Punkt 1 i ordførar sitt framlegg vart vedteke mot 6 røyster.

Punkt 2 i ordførar sitt framlegg vart vedteke mot 4 røyster.

Framlegget frå Malkenes (nytt pkt.3) fall mot 3 røyster.

Repr.Bente Nilsen,SV la fram lovlighetskontroll frå Bente Nilsen,Sosialistisk Venstreparti, Målfrid Steindal, Senterpartiet og Martin Malkenes, Miljøpartiet Dei Grøne. (vedlagt protokollen).

BYST - vedtak:

Flora bystyre stadfestar vedtak i sak 017/17, den 21.03.17 med følgjande tillegg:

- 1 Flora bystyre godkjenner endringane i kapittel 3 i intensjonsavtalen mellom Flora og Vågsøy, slik at den er i samsvar med Vågsøy kommunestyre sitt vedtak.
- 2 Flora kommune vel ei styringsgruppe som skal fungere fram til fellesnemnaren er vald. Styringsgruppa vert den same som forhandlingsutvalet.



Saksopplysingar:

Kva saka gjeld:

Vågsøy kommune har vedteke samanslåing med Flora kommune i møte 30.april 2017.

Kommunestyret i Vågsøy har vedteke endring i kapittel 3, som ikkje er i tråd med Flora kommune sitt tidlegare vedtak.

Innleiing:

Vågsøy kommunestyre vedtok følgjande i sitt punkt 3, etter framlegg frå ordføraren i Vågsøy:

3. Endring i intensjonsavtalen, kapittel 3; kommunesenter:

Flora og Måløy skal ha delt kommunesenterfunksjon. Talet på administrative arbeidsplassar/rådhusfunksjonar i Måløy og Florø skal forholdsmessig vere som før samanslåinga.

Organisering av hamn og næringsarbeidet skal skje på ein måte som sikrar både heilskapleg samordning og satsing på komparative fortrinn i alle delar av kommunen. Eit døme er fiskeriaktiviteten i Vågsøy og petroleum i Flora.

I Måløy skal det etablerast kompetansemiljø til elles utvikling av mellom anna samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og næringslivet, fornybar energi og klima og IKT.

Vurdering:

Økonomiske konsekvensar:

Miljømessige konsekvensar:

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm: